

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021**

**Natalia Golis (MDG)** sette på vegner av MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg

Auka kraftproduksjon og styrking av eksisterande kraftnett må skje på ein måte som tek i vare natur og biologisk mangfald.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Golis sitt forslag fekk 9 røyster (1SP, A, FNB, SV, MDG, V) og vart vedteke mot 8 røyster (1SP, U, H, FrP).

### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune har følgjande forslag til tiltak for å raskt betre nettutfordringane i Vestland som igjen aukar verdiskapinga frå norske energiressursar.

1. Forser, forsterk og forplikt arbeidet med allereie starta nettoppgraderingsprosjekt i regionen. Meir spesifikt meiner Vestland fylkeskommune her
2. Forser spenningsoppgraderinga mellom Sogndal og Modalen/Steinsland til 420 kV.
3. Forser spenningsheving på kraftsambanda vidare til Kollsnes
4. Forser arbeidet med å auke kapasiteten på kabelstrekket mellom Little Sotra og Kollsnes.
5. Forser arbeidet med å auke transformeringskapasiteten i Bergen og omland.
6. Prioritert og rask saksbehandling innom det lova tillét i Statnett, NVE og OED for nytt kraftsamband til Kollsnes frå Sogndalssnittet.
7. Statnett må velja traséalternativ til Kollsnes som gjev minst mogeleg potensial for konflikt, t.d. lang sjøkabeltrasé.
8. NVE og Statnett går i dialog om å forenkle og framskunde konsesjonsprosessen og auka bruk av parallel behandling. Dette arbeidet bør starta snarast, medan KVU-en ligg hjá OED.
9. Tidlege møte med kjende kjelder til lokalkunnskap som kommunar og fylkeskommunar kan gje NVE og Statnett eit godt kunnskapsgrunnlag for kva som bør konsekvensutgreiast.
10. Start arbeid med konsekvensutreiing tidleg for tema der det ikkje er tvil om at dette skal utgreiast. Dette gjerast før formelt KU-vedtak.
11. Start arbeidet med konsekvensutgreiing og detaljplanlegging før dei formelle vedtaka i NVE.
12. Utstyr med lang leveringstid som til dømes transformatorar bestillast før endeleg konsesjonsvedtak slik at bygginga kan starte straks konsesjonsvedtaket ligg føre.
13. OED prioriterer rask handsaminga av konsesjonen etter innstilling.
14. Auka kraftproduksjon og styrking av eksisterande kraftnett må skje på ein måte som tek i vare natur og biologisk mangfald.